



Møteprotokoll

Utval:	Levekårsutvalet
Møtestad:	Formannskapssalen, Sande rådhus
Dato:	26.05.2026
Tid:	kl 13:45 - 16:20

Desse møtte
Frode Bringsvor
Kjartan Bleie
Ann-Lena Vonheim

Representerer
H
FRP
H

Funksjon
leiar
medlem
medlem

Forfall
Marthe Longva
Strandbakken
Magnus Hjelle

Representerer
AP

SP

Varamedlem
Ronny Prozenko

Erik Aurvoll

Representerer
AP

SP

Røysteføre: 5

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

Jørn Velle Moldskred, kommunalsjef helse og omsorg

Lilly Arlen Kvalsund, kommunalsjef oppvekst og kultur

Camilla Økland Higræff, vikar einingsleiar Sandetun institusjonsteneste

Elin Muren Rokstad, informasjonskonsulent/politisk sekretær

Møtet slutt kl 16.20

Til å lese igjennom møteprotokollen før vedtaksutsending vart Erik Aurvoll og Ronny Prozenko valde.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 26/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/3066
PS 27/26	Godkjenning av protokoll	26/3066
PS 28/26	Orienteringar	26/3066
OS 03/26	Orientering om institusjonstenestene - svar på ulike tema/spørsmål frå utvalet	
PS 29/26	Referatsaker	26/3066
PS 30/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sande kommune - representasjon i Strategisk samarbeidsutval (SSU) i Helsefelleskapet Møre og Romsdal	23/1670
PS 31/26	Høyringsvar frå Sande kommune – Utredning av innsparingstiltak i båt- og bilambulansetenesta (styresak 114-25)	26/396
PS 32/26	Sandsøy, Sande kommune - Søknad om typisk turiststad	26/3036
PS 33/26	Sande kommune- forslag til nye innsparingstiltak 2026-2029	26/3068

Larsnes, 26.05.2026

Frode Bringsvor
leiar

PS 26/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

PS 27/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.

PS 28/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	Orientering om institusjonstenestene - svar på ulike tema/spørsmål frå utvalet

Vedtak:

Orienteringssaker vart samrøystes tekne til vitande.

OS 03/26 Orientering om institusjonstenestene - svar på ulike tema/spørsmål frå utvalet

Behandling:

Camilla Økland Higræff, vikar einingsleiar Sandetun institusjonsteneste, svara ut desse spørsmåla / tema som var innmeldt på førehand:

- bemanning og sjukefråver
- kapasitet i ulike avdelingar
- trivselen til bebuarane (sosialt samvær, mat etc.)
- samhandling med heimesjukepleia, "Bu og habilitering" og sjukehusa
- medarbeidartilfredsheit

1.Bemanning og sjukefråvær

For tida 30 % sjukefråver med bakgrunn i ulike årsaker, inkludert omstillingsprosessen. Vi jobbar for å jobbe smartare- endring av system, organisering, rutiner. Nokre tilsette kan oppleve litt frustrasjon og usikkerheit i forhold til ny kvardag.

Tørn-prosjektet kom i gong mars 2026 - oppgåvedeling / arbeidsfordeling- kvar vakt skal vere ei god vakt også for den tilsette. Alle tilsette blir involvert.

NAV - arbeidslivssenter er kobla inn for å jobbe med arbeidsmiljø - mange tema har vore avdekt – dette er eit felles prosjekt for alle tilsette.

2. Kapasitet

17 ordinære plassar - 4 korttid - 1 KAD

2026: bøter kr 100 000 for ikkje å kunne ta inn pasientar frå sjukehus.

2027: har tettare dialog med sjukehus om dei pasientane som skal overflyttast til sjukeheim, har hatt få avslag hittil i år.

3. Trivsel bebuarar

Personalet gjer sitt beste.

Solsida: arbeider mykje med miljøterapi - stenging av Øya vil vere negativt for avdelinga - omlegginga av tilbodet på Øya kan vere noko ein ha nytte av dersom organiseringa også passar for bebuarar på på institusjonen.

4. Samhandling

Ulike fora for samhandling: Fagråd, tenestekoordinering i Herøy, (bruk av etiske refleksjonsverktøy i drøftingar), samhandling med andre einingsleiarar og sektorsjef. Positive erfaringar med samhandling.

5. Medarbeidartilfredshet

Medarbeidarsamtalar skal gjennomførast kvart år. Det har ikkje vore gjennomført medarbeidarundersøkingar.

Framhevar dei tilsette som dyktige medarbeidarar.

PS 29/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
11/26	Årsmelding frå Helsefellesskapet i Møre og Romsdal for 2025

Vedtak:

Referatsaker vart samrøystes tekne til vitande.

Behandling:

Jørn Velle Moldskred, sektorsjef orienterte om helsefellesskapet og årsmeldinga.

PS 30/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sande kommune - representasjon i Strategisk samarbeidsutval (SSU) i Helsefellesskapet Møre og Romsdal

Vedtak:

Levekårsutvalet tilrår:

1. Sande kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF, punkt 5.2.1 a), med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikksjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for endra samarbeidsavtale vert 1. oktober 2026.

3. Kommunestyret gjev kommunedirektøren mynde til å samarbeide med dei andre kommunane i Møre og Romsdal om utveljing av nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal det sikrast at kvar region i fylket vert representert, og at kommunane på søre Sunnmøre får ein representasjon som speglar dei særskilde utfordringane i regionen. Val av nye representantar skal vere gjennomført før verknadsdato 1. oktober 2026.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Sande kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen mellom kommunen og Helse Møre og Romsdal HF, punkt 5.2.1 a), med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for endra samarbeidsavtale vert 1. oktober 2026.

3. Kommunestyret gjev kommunedirektøren mynde til å samarbeide med dei andre kommunane i Møre og Romsdal om utveljing av nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal det sikrast at kvar region i fylket vert representert, og at kommunane på søre Sunnmøre får ein representasjon som speglar dei særskilde utfordringane i regionen. Val av nye representantar skal vere gjennomført før verknadsdato 1. oktober 2026.

PS 31/26 Høyringssvar frå Sande kommune – Utredning av innsparringstiltak i båt- og bilambulansetjenesta (styresak 114-25)

Vedtak:

Levekårsutvalet vedtek:

Levekårsutvalet sluttar seg til framlagt høyringssvar frå Sande kommune til Helse Møre og Romsdal HF om «Utredning av innsparringstiltak i båt- og bilambulansetjenesten», og oversender svaret til Helse Møre og Romsdal innan fristen 1. juni 2026.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.
Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet sluttar seg til framlagt høyringssvar frå Sande kommune til Helse Møre og Romsdal HF om «Utredning av innsparringstiltak i båt- og bilambulansetjenesten», og oversender svaret til Helse Møre og Romsdal innan fristen 1. juni 2026.

PS 32/26 Sandsøy, Sande kommune - Søknad om typisk turiststad

Vedtak:

Levekårsutvalet tilrår:

Sande kommunestyre vurderer Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagar og helgedagsfred.

Sande kommunestyre vedtek å søke Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagar og helgedagsfred til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes tilrådd.

Kommunedirektøren si tilråding:

Sande kommunestyre vurderer Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagar og helgedagsfred.

Sande kommunestyre vedtek å søke Sandsøya som typisk turiststad jf Lov om heilagdagar og helgedagsfred til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

PS 33/26 Sande kommune- forslag til nye innsparingstiltak 2026-2029

Vedtak:

Levekårsutvalet tilrår:

Levekårsutvalet er enig i kommunedirektøren si forslagsliste over saker som det må arbeidast vidare med som nye innsparingstiltak i perioden 2026-2029.

Behandling:

Kommunalsjef helse og omsorg Jørn Velle Moldskred orienterte i saka.

Nytt forslag frå levekårsutvalet:

Levekårsutvalet er enig i kommunedirektøren si forslagsliste over saker som det må arbeidast vidare med som nye innsparingstiltak i perioden 2026-2029.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til kommunedirektøren sine forslag til nye tiltak for innsparing i perioden 2026-2029
2. Dei aktuelle tiltaka vert innarbeidd i budsjettet for 2026 og økonomiplanen 2027-2030